



Ål kommune

Norges Vassdrags og energidirektorat ( NVE)  
Middelthunsgate 29, Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.  
12/00586-16

Dato  
22.07.2014

I Ål kommunestyremøte den 21.08.2014 vart fylgjande uttale vedteken:

## Høyringsuttale frå Ål kommune - Søknad om utbygging av Hol1 Stolsvatn og Mjåvatn Kraftverk I Hol og Ål kommunar

### 1. Innleiing

Det blir vist til søknad frå E-CO Energi A/S av 10. mars 2014 om konsesjon for bygging av Hol1 Stolsvatn kraftverk og søknad frå Småkraft A/S den 24. mars 2014 om konsesjon for bygging av Mjåvatn kraftverk. Høyringsfristen er sett til 15. August 2014. Ål kommune har i e-post frå NVE den 23.06.14 fått forlenga høyringsfrist til 01.09.2014.

Som vertskommune for vasskraftutbygging har kommunen ei oppgåve i å ivareta kommunens interesser og interessene til fellesskapet. Under dette passe på at miljømessige konsekvensar vert så små som råd. Samstundes er kommunen gitt rettar i vassdragslovgjevinga. Desse rettane blir teke vare på gjennom konsesjonshandsaminga.

Etter heilheitsvurdering av dei skader og ulemper dei ulike tiltaka vil få for dei lokale interessene i kommunen, er kommunen positiv til utbygging av Mjåvatn Kraftverk. Slik tiltaket er framstilt i konsesjonssøknaden, vil Mjåvatn kraftverk, med avgrensa miljømessige konsekvensar, gje 47 GWh ny energi til brukbar pris. Tiltaket vil også virke positivt for kommuneøkonomien.

Utbygginga av Hol 1 Stolsvatn kraftverk vil medføre eit mykje større inngrep i naturen. Dei miljømessige konsekvensane av tiltaket er på fleire punkt mangelfullt utgreidd, og tiltaket vil etter E-CO sine utrekningar medføre eit stort tap i inntekter for kommunen. Kommunen kan derfor ikkje tilrå utbygginga.

Uannsett om det blir gitt konsesjon for bygging av Hol1 Stolsvatn kraftverk eller ikkje, meiner kommunen at det må tas inn vilkår om manøvrering av magasin og

Postadresse: Torget 1, 3570 Ål  
E-post: postmottak@aal.kommune.no  
Internett: www.aal.kommune.no

Telefon: 32 08 50 00  
Faks: 32 08 50 99

Bankgiro: 2320 20 29531  
Bankgiro skatt: 7855 05 06199  
Organisasjonsnr: 864 952 992



Hallingdal

effektrestriksjonar i konsesjonen, og at det ikkje er tilstrekkeleg at tapperutinane berre kjem av E-CO sine interne retningslinjer. Kommunen vil vidare gje merknad om at konsekvensane for kommunal økonomi må avklarast under konsesjonsprosessen.

Kommunen vil nedanfor gje nærare greie for dei vurderingar som ligg til grunn for vårt syn.

## **2. Søknad om konsesjon for bygging av Hol1 Stolsvatn**

### **2.1 Innleiing – nærare om tiltaket.**

Bygginga av Hol1 Stolsvatn kraftverk er i konsesjonssøknaden omtala som « *ei utviding av kraftverket Hol1.*» Hol1 nyttar i dag fallet frå Varaldset ( Hol1 Votna) og fallet frå Strandavatn ( Hol1 Urunda) til utløpet i Storåne ved Hovsfjorden. Hol1 Votna nyttar ei maksimal fallhøgde på 408 meter. Hol1 Urunda nyttar ei maksimal fallhøgde på 380 meter.

Bygginga av Hol1 Stolsvatn vil medføre at det blir bygd eit nytt kraftverk med inntak høgare i vassdraget. Kraftverket vil nytte fallet mellom Stolsvatn og Storåne ved Hovsfjorden, med ei midlare brutto fallhøgde på 491,5 meter.

Utbyggingskostnadene er rekna til 900 millionar kroner. E-CO meiner at tiltaket vil gje 72 GWh ny kraft. Det gir ein utbyggingskostnad på 12,5 kr/GWh. Kraftstasjonen i Hol 1 Stolsvatn vil få større effekt enn eksisterande kraftstasjonar i Hol1, det vil derfor være mogleg å tappe magasina raskare enn det som er mogleg no.

Utbygginga vil medføre store ekstra inngrep i eit område som alt i stor grad er påverka av vasskraftutbygging. Det vil bli laga nytt inntak i Stolvassmagasinet. Frå inntaket vil det bli sprengt ca 15 km med tilløpstunnel med eit tverrsnitt på 25 m<sup>2</sup>. Vidare vil det bli bygd ein ny stasjonshall for kraftstasjonen ca 600 meter inn i fjell ved eksisterande Hol1 kraftverk. Totalt utsprengt volum i stasjonshallen vil bli ca. 19.000 m<sup>3</sup>. Avløpstunnellen vil bli 750 meter lang og få avløp ca 230 meter nedom eksisterande utløp frå Hol1. I tillegg skal det sprengast adkomsttunnel, transporttunnellar, transformatorhall m.v.

Normalt ligg det i dag att eit botnmagasin på 64 millionar m<sup>3</sup> vatn i Stolsvatn. Med utbygginga vil det være større insentiv til å tappe dette botnmagasinet. I søknaden er det lagt til grunn at i normale år skal ein legge att eit botnmagasin på 35 millionar m<sup>3</sup>. Stolsvatn vil derfor bli tappa lengre ned , oftare, med utbygginga.

Kort er dei miljømessige forholda som me ser som uheldige : Det vil bli dårlegare forhold for fisken i Stolsvatnet grunna at det vil ta ca 1 måned lengre tid før vatnet fyller. Det vil medføre dårlegare mattilgang for fisken. Det blir drivi omfattande næringsfiske både i Stolsvatn og Rødungen. I tillegg blir det leigd bort fiske til turistar, fisker i desse to vatna er ein viktig del av tilbodet til turistane i området. Det vil også det være visuelt stygt med lange strender. Ål er ei reiselivskommune, og stygge strender vil få konsekvensar for reiseliv og lokalt busette. Mindre flommar til Votna vil gje dårlegare resipienttilhøve i

Votna og føre til fare for anaerobe forhold i Vatsfjorden. Rødungen si evne til å fungere som resipient på sommaren ved mindre gjennomstrauming er ikkje undersøkt. Mogleg verknad av eventuelt varmare vatn inn i Strandafjorden er ikkje kartlagd med fare for frostrøyk og endra forhold for botndyr og fisk.

I tillegg til dei miljømessige konsekvensane, opplyser E-CO at tiltaket vil føre til ein stor auke i konsesjonskraftprisen for Ål kommune. Kommunen er ikkje kjend med dei utrekningar som ligg til grunn for E-CO si utsegn. Dersom E-Co si utrekning er rett, vil det føre til eit stort inntektsbortfall for kommunen.

## **2.2 Nærare om dei miljømessige konsekvensane**

Ål kommune stilte i forrige høyringsrunde, etter forslag til utgreiingsprogram, krav om at konsesjonsvilkåra for Holsutbygginga måtte tas opp til vurdering i samband med utbyggingssøknaden. Dette har berre delvis skjedd. Det er gjort gjennom å vurdere konsekvensane av ulike scenario der kommunen sine krav er delvis vurdert. Det er verdt å merke seg at E-CO sin søknad ikkje samsvarar med nokon av dei scenario som er undersøkt.

Me tar det som ein sjølvstøtt ting at dei krav kommunen stilte i krav om revisjon av konsesjonsvilkår i 1998 og som ikkje er handsama i denne søknaden blir tatt inn i ekstra konsesjonsvilkårsak for vassdraget.

Konsekvensane for biologien i og rundt vassdraget er vurdert etter nasjonale verknader. Det vil si at sjølv om dei lokale verknadene kan være store så er det ikkje vurdert som store nasjonale verknader. Stort sett er det berre tap av raudlistearter som gjer at ein kan få alvorlege konsekvensar i vurderingane til utbyggar. Dette meiner me er misvisande i høve til dei lokale konsekvensane, særleg når det gjeld fisk.

### **2.2.1 Fiskeribiologiske undersøkingar**

Det blir i den fiskeribiologiske rapporten sagt at konsekvensane er middels til store på kort sikt for Stolsvatn, mens dei på lang sikt er små. Me stiller oss nokså uforståande til dette, då tapperegimet vil bli varig endra i Stolsvatn. Det vil ta ca. 1 måned lengre tid før magasinet kjem opp til haustfylling, og med dette vil det ta ca 1 måned lengre tid før skjoldkrepsen og dei andre viktigaste næringsdyra som lev i strandsona kan klekke. Dette må få ein varig verknad som er negativ.

### **2.2.2 Simuleringar, verknader og krav om konkrete konsesjonsreglar**

Det er i datasimuleringsverktøya som er brukt lagt inn restriksjonar for bruk av magasinane som svarar til dei ulike scenario. Men E-CO har ikkje lagt til grunn at desse restriksjonane skal inn i konsesjonen som bindande reglar for bruk av kraftverka. Me stiller spørsmål om kor mykje utgreiingane er verdt om reglane som er brukt i simuleringane og vurderingane ikkje kjem til syne som konsesjonsvilkår. Me har laga forslag til konsesjonsvilkår seinare i vår høyringsuttale, punkt 2.3.

### 2.2.2.1 Vurdering av ulike scenario

Det er simulert med 5 ulike scenario, det er verdt å merke seg at det berre er scenario 3 som gir vesentleg endra bruk av magasina. I alternativ 3 er det lagt inn at Stolsvatn skal fyllast til kote 1090 før 1. Juli ( 1 meter under HRV) og Rødungen skal fyllas til kote 1020(2 meter under HRV) før 15. Juli.

Dette er restriksjonar som er berre delvis krevd av kommunane. I kravet til revisjon av konsesjonsvilkår av 22.10.98 er det krevd at alt tilsig skal nyttast til å fylle Stolsvassmagasinet til kote 1090 ( 1 meter under HRV) i fyllingssesongen frå 15. mai, men det er ikkje sett noko krav til når det skal være oppe på denne høgda. Tilsvarande er det kravd at når Stolsvatn er oppe på kote 1090 skal alt resterande tilsig nyttast til å fylle opp Rødungen til kote 1020(2 meter under HRV). I høyringsuttala til utgreiingsprogram for Hol1 Stolsvatn i 2012 kravde Ål kommune at Rødungen skal fyllast til kote 1012 innan 15. Juni.

Me meiner dei restriksjonar som er lagt inn i scenario 3 er for strenge til å vurdere dei krav som er stilt av kommunane. Me meiner at køyring etter dei krav til konsesjonsvilkår som me har skissert i dette dokumentet vil gi om lag same magasinutvikling som i alternativ 1,2,4,og 5 i utgreiinga til utbygger..

### 2.2.2.2 Flaumdemping

Det er av E-CO Vannkraft helde fram at det å krevje så pass fulle magasin som 1 meter under HRV for Stolsvatn og 2 meter under HRV for Rødungen kan medføre auka flaumfare.

Generelt sett har E-CO argumentert for at det er farleg med for lite fribord til flomdemping, men dette er ikkje konkretisert med simuleringar og forslag til tilstrekkeleg fribord. Ut frå erfaring med Stolsvatn har det ofte vorte operert med berre 30 cm fribord til flomdemping. Me meiner derfor at vårt krav om 1 meter er rimeleg. E-Co har ikkje kome med noko forslag, eller simulering, som understøttar kravet om eit større fribord.

Vårt hovedpoeng er ikkje kor stort fribordet skal være, men at ein raskt fyller opp magasina til ein forsvarleg vasstand. Fribordet bør heller ikkje være for stort av di mesteparten av livet i magasina er avhengig av vatn i strandsona.

Stolsvassmagasinet er sett saman av mange tidlegare mindre vatn. Sjølv om reguleringshøgda er stor, er vatnet langgrunt og ein halvmeter regulering i toppen av magasinet tilsvarar eit veldig stort areal med/utan vatn. Me meiner derfor at 1 meter fribord under høgste regulerte vasstand ( HRV) for flomdemping bør være tilstrekkeleg, og også gi kraftprodusenten friheit til å optimalisere sommarproduksjonen. I praksis har ein sett at det er brukt så lite som 30 cm fribord i Stolsvatn, og ein har likevel handtert flaumsituasjonar ved å tappe ned i framkant når det er meldt mykje regn. Med auka effekt i Hol1 Stolsvatn har ein auka evne til raskt å oppnå betre flaumdemping i Stolsvatn ved varsel om store nedbørsmengder, utan produksjonstap.

Ved Rødungen er stredane også lange, men er relativt sett brattare høgt oppe i magasinet enn i Stolsvatn. Ved prioritering av flomdemping bør flomdempinga derfor fyrst og fremst

skje i Rødungen, noko som er reflektert i kravet om at det kan leggest av 2 meter fribord i Rødungen til flomdemping.

Ei relativt høg vasstand er på den andre sida viktig i begge magasin. Dette er fyrst og fremst grunngeve ut frå omsynet til livet i magasin og deretter estetikk/reiseliv. Praxis på sommar/haust har vore at ein har helde magasin relativt fulle, og så tappa ned ved varsel om mykje nedbør for å sikre tilstrekkeleg fribord for flaumdemping. Dette bør også skje i framtida.

### **2.2.2.3 Tilstrekkeleg produksjonsvatn i fyllingssesongen - effektreserve**

Det blir av E-Co Vannkraft vist til at å krevje at vatnet i fyllingssesongen berre blir brukt til oppfylling vil gå ut over kraftverka si evne til å stå som effektreserve i kraftsystemet i denne delen av året, ei periode med mykje uregulert produksjon, og kraftsystemet har derfor bruk for større reservar. Me ser dette dilemmaet, vårt poeng er at så mykje som mogleg av vatnet blir nytta til oppfylling. Ein måte å kome E-CO i møte på er å si at f.eks 5 % av normaltilsiget i perioda kan nyttast til produksjon, reisten til fylling. 5 % av normaltilsig høyrer kanskje lite ut, men ein må hugse at dette er i vårflaumen. Dette bør være tilstrekkeleg til at kraftverket kan stå som reserve for markedet.

### **2.2.2.4 Stamfiske i Stolsvatn**

I Stolsvatn er det stamfiske heilt fram til 1. november (01.11) kvart år. Me meiner at tappesesongen ikkje bør starte før då, elles vil ikkje stamfisken gå mot elvane Mjølga og lungsdalselva. Det er av fylkesmannen pålagt å nytte stadeigen stamme ved utsetting ( ca 1990). Då er det viktig at tilhøva blir lagt til grunn slik at ein får fanga stamfisken.

### **2.2.2.5 Fyllingsrestriksjon i Rødungen**

I høyringsuttala til planprogrammet krevde Ål kommune at Rødungen skal være fylt til kote 1012 innan 15. Juni ( normal vasstand før regulering).. Me viser til at i alle scenario er dette oppnådd for alle tilsigsalternativ. Vår vurdering er derfor at dette er eit rimeleg krav. Me ser også at E-Co har lagt til grunn at det ikkje skal tappast frå Rødungen før ein har nådd kote 1017. Dette er restriksjonar som er nytta i vurderingane som me meiner bør med i konsesjonsvilkåra.

## **2.2.3 Konsekvensar som er lite/dårleg omtala i utgreiingane**

Det er ein god del konsekvensar som er lite/dårleg omtala i utgreiingane, og som me meiner treng tilleggsutgreiing.

### **2.2.3.1 Mindre flaumar i Votna – dårlegare resipientforhold.**

Det går fram av figur 3.24 i konsesjonssøknaden, Rødungen i et vått år, og figur 3.27, Varaldset i et vått år, at det vil bli mindre flaumar frå magasin på hausten. Flaumane går til Rødungsåne og Varaldsetåne. Begge går ut i Votna og havnar i Vatsfjorden. Det er ikkje

minstevassføring i Votna. Mindre flaumar i desse elvane vil si at ein mistar utskylling gjennom flommane, og det vil si at elva blir dårlegare egna som resipient, dvs tåler dårlegare å få restutslepp frå renseanlegg og anna menneskeleg påverknad ( landbruk). Votna har alt i dag ein kritisk situasjon når det gjeld evna til å ta i mot organisk materiale, sjå vedlegg 1. Særleg er me redd for situasjonen i Vatsfjorden. Der står ein i fare for å få situasjonar der alt oksygen i vatnet blir brukt opp. Det vil være kritisk for livet i vatnet. Verknaden av mindre flaumar i Votna er ikkje undersøkt i rapporten. Tenkt verknad kan vært sterkt negativ for livet i Votna. Eit tenkt vilkår kan være at oksygentilstanden i Vatsfjorden må overvåkast, og at E-CO Vannkraft må slippe ut tilstrekkeleg med vatn i situasjonar med kritisk låg oksygennivå. Alternativet er ei fast minstevassføring. Tenkt verknad er sterkt negativ.

### **2.2.3.2 Rødungen si evne til å ta i mot organisk materiale**

I strategien for oppfylling av Rødungen ligg det at Rødungen ikkje skal ha gjennomstrøyming i fyllingsesongen, berre tilførsel av vatn. Rødungen blir nytta som resipient av fleire renseanlegg, og er tiltenkt rolle som resipient for enda fleire då Votna er dårleg egna i øvste del, sjå punkt 2.2.3.1. Det er derfor tenkt å pumpe restvatn frå renseanlegg som naturleg ville sokna til Votna oppstrauts Vatsfjorden, opp til Rødungen. Det er ikkje undersøkt Rødungen si evne til å fungere som resipient ved endra oppfyllingsregime. Tenkt verknad er negativ.

### **2.2.3.3 Verknad av varmare driftsvatn på vintertid for Strandafjorden**

Vatnet som blir køyrt ut gjennom Hol1 Votna er i hovudsak overflatevatn frå Rødungen som blir tappa ned i Varaldset og køyrt ut. Temperaturen på dette vatnet er ikkje undersøkt, men på folkemøtet i Hol vart det opplyst at dette kunne være såpass kaldt som 1 grader celsius. Vatnet som vil bli køyrt gjennom Hol1 – Stolsvatn kjem frå djupet av Stolsvatn. Vatn er tyngst ved 4 grader Celsius, og vatnet lengst ned i Stolsvatn kan derfor halde denne temperaturen . Verknaden av å få inntil 3 grader varmare vatn tilført for fiskeliv og frostrøykproblematikk er ikkje undersøkt for Strandafjorden.

## **2.3 Vilkår for konsesjon**

### **2.3.1 Kvifor konsesjonsvilkår**

Kommunen kravde revisjon av konsesjonsvilkår i 1998, og kravde i høyringa til utgreiingsprogrammet i 2012 at det måtte settast fortgang i revisjonsprosessen slik at det vart ein parallell handsaming av spørsmålet om revisjon av konsesjonsvilkår og handsaming av ny/utviding av eksisterande konsesjon. NVE opplyste på folkemøtet på Bygdahall, Hol i Juni 2014, at dette delvis teke til fylgje ved at dei revisjonsspørsmål som er aktuelle ved utbyggingssaka blir handsama saman med utbyggingssaka. Reisten av krava vil kome i

samband med ei eigen revisjonssak. Det er derfor viktig for kommunen at det blir fastsett klare vilkår i konsesjonen som sikrar at køyringa av kraftverka skjer på ein måte som er best mogleg for samfunnet og miljøet. Handsaminga av denne saka er derfor også ei handsaming av revisjonssak om revisjon av konsesjonsvilkår i Holsvassdraget.

Det fylgjer av konsesjonssøknaden punkt 2.2.1 at det ikkje vil bli fleire magasin eller fleire overføringar i utbygginga, og at alle reguleringar og overføringar vil bli styrt innanfor dagens konsesjonsgrenser, også ved nytt kraftverk. Det vil likevel bli nokre «*mindre endringer i kjøringen av magasinene og tappemønster*». Mellom anna vil dagens botnmagasin på 64 mill m<sup>3</sup> bli oftare nytta ved eit nytt Hol1 Stolsvatn kraftverk. I dag blir delar av botnmagasinet i Stolsmagasinet av og til tappa via Greinefoss til Strandavatn. Botnmagasinet i Stolsvatn er derfor eit fleirårsmagasin som fyrst kjem i bruk ved det andre turråret, fordi Strandavatnet fyrst blir nytta fullt ut. Resultatet av Hol1 Stolsvatn vil være at botnmagasinet i Stolsvatn kan tas direkte i bruk det fyrste turråret. ( konsesjonssøknaden av 10. mars 2014 punkt 2.4)

E-Co opplyser i søknaden at «*Det vil praktiseres et tappeforløp som medfører at bunnmagasinet i Stolsvatn normalt vil reduseres fra ca 60 Mm<sup>3</sup> ( ca1085,6 moh) til ca 30 Mm<sup>3</sup> (ca1082,5 moh) i Stolsvatn*». På same måte vil det «*normalt spares et bunnmagasin i Mjåvatn/Frosen/Olsenvatn på ca. 5 Mm<sup>3</sup> (ca 1085,6 moh.)*» Årsaken til at E-CO uttaler at det normalt vil bli spart eit botnmagasin er ut frå omsyn til fisk og botndyr, samt for å trygge ferdslen på isen for skituristar.

E-CO ynskjer derimot ikkje at rutinane skal være ein del av vilkåra i konsesjonen. E-CO viser til at «*det er viktig for E-CO å beholde fleksibiliteten i utnyttelsen av magasinene*», noko som fører til at «*Dette tappeforløpet vil kunne fravikes dersom tilsigssituasjonen tilsier det og/eller kraftmarkedet er stramt*».

Kommuna kan ikkje sjå at det er grunnlag for å ikkje gje vilkår om magasin og effektrestriksjonar i konsesjonen. Målet med vassdragslovgjevinga er å sikre ein samfunnsmessig forsvarleg bruk og forvaltning av vassdrag og grunnvatn, jf. Vassressursloven § 1. For å nå målet, kan vassdragsmyndigheitene fastsette nærare vilkår for korleis ressursane skal forvaltas. Vilkåra i konsesjonen er rettsleg bindande for konsesjonæren, og overtreding kan medføre pålegg frå vassdragsmyndigheitene, og eventuelt straffeansvar, jf vregl § 24 og §25.

Bakgrunnen for konsesjonsordninga er vist i NOU 1994:12, punkt 13.2:

*«Vassdragene utgjør en viktig nasjonal ressurs. De har stor økonomisk betydning, spesielt ved utnytting til kraftproduksjon. Det var særlig denne muligheten for økonomisk utnytting av vassdragene, og ønsket om å sikre staten og utbyggingskommunene en andel av disse verdiene, som var bakgrunnen for konsesjonsordningene etter industrikonsesjonsloven og vassdragsreguleringsloven og deres forløpere. Forholdet til almenne interesser var imidlertid viktig også den gang. Det skulle tas hensyn til ferdsel, fiske og ikke minst fløtingen, som tidligere hadde store økonomisk betydning. Hensynet til å ivareta allmenne interesser som*

*kan lide skade ved tiltak og inngrep i vassdrag ligger bak vassdragslovens konsesjonspliktreger.*

*Etter hvert er det blitt en økende forståelse for vassdragenes betydning for natur og miljø, jf kap.9. Vassdragsmyndighetene legger mer enn før vekt på slike forhold under konsesjonsbehandlingen, og det er nedlagt et omfattende arbeid i form av fire verneplaner for vassdrag og en samlet plan om kraftutbygging for å sikre en forsvarlig disponering av vassdragene.*

*Vann står i en særstilling ved sin grunnleggende betydning for alt liv. Dette har relevans både i forhold til konsesjonsplikten etter forurensingsloven og i forbindelse med vannuttak fra vassdrag og grunnvann.*

*Den utnytting og påvirkning av vassdragene som omfattes av vassdragslovens regler kan ha betydelige konsekvenser. Dels kan skadevirkningene være store, f.eks. flomskader, og dels kan de i praksis være irreversible. De faktiske forhold er forskjellige, slik at det i mange tilfelle byr på problemer å fastsette generelle regler som gir praktisk veiledning. Det er derfor ønskelig å foreta en konkret vurdering av det planlagte tiltaket sine virkninger på forhånd, slik at det ut fra kryssende interesser kan vurderes om tiltaket bør tillates, og i tilfelle hvilke vilkår som bør settes i lys av de lokale forholdene.»*

E-CO sine interne tapperutinar har i utgangspunktet ingen rettsverknad, og kan ikkje handhevast av vassdragsmyndighetene. Etter forslaget i konsesjonssøknaden vil det være opp til E-CO sjølv å vurdere når situasjonen er slik at ein kan fråvike tapperutinane. Tapperutinane kan også i prinsippet endrast av E-CO sjølv. Som det går fram av det som er skrivi over er vassdragsressursane underlagt offentleg kontroll gjennom konsesjonshandsaming og tilsyn og kontroll av at konsesjonsvilkåra blir haldne. Ein konsesjon som er basert på E-Co sine interne tapperutinar vil i praksis medføre at ansvaret for å sikre ein samfunnsmessig forsvarleg bruk og forvaltning av vassdraget blir overført frå vassdragsmyndighetene til konsesjonæren sjølv.

Som grunngeving for at det ikkje skal fastsettast vilkår om magasin eller effektrestriksjonar, har E-Co vist til at det er bruk for systemtenester ( effektreserve), og at eit forbod mot tapping vil diskvalifisere Hol1 frå å bidra til forsyningsikkerheiten.

Kommuna meiner det er fullt mogleg å lage konsesjonsvilkår som gjer at kraftverket kan bidra med regulering og effektreserve, sjølv om omsyna til fisk og botndyr, utsjånad og reiseliv, blir tatt omsyn til.

### **2.3.2 Konkrete forslag til konsesjonsvilkår**

Kommunen foreslår at desse vilkåra blir tatt i i konsesjonen:



### **Stolsvassmagasinet:**

Vilkår for å nytte botnmagasin: **«Normalt skal ikkje eit botnmagasin på 30 mill. m3 i Stolsvatn og 5 mill. m3 i Mjåvatn/Frosen/Olsenvatn nyttas. Det vil si at det normalt ikkje skal tappast under kote 1082,5 meter for Stolsvatn og kote 1085,6 meter for Mjåvatn/Frosen/Olsenvatn. Ved ei magasinifylling for Sør-Noreg som heilskap under 40 % pr. 1. Mars kan dette botnmagasinet likevel nyttast.»** ( 40 % er berre eit eksempel på ei magasinifylling for Sør-Noreg som heilheit som definerar eit turrår, den eksakte prosent er det opp til NVE å stille.)

Vilkår for fylling i fyllingssesongen: **« I fyllingssesongen mellom 15. Mai og 15. August kan inntil 5 % av normaltilsiget i perioden nyttast til produksjon, reisten skal nyttast til å fylle magasinet så hurtig som mogleg opp til kote 1090 ( 1 meter under HRV). Når kote 1090 er nådd kan kraftverket bruke tilsiget fritt, men ikkje slik at ein går under kote 1090 før tappesesongen startar 1. november (01.11).»**

### **Rødungen nord**

Vilkår for å nytte botnmagasin: **«Normalt skal ikkje botnmagasinet mellom kote 1003 og kote 999 nyttast. Det kan likevel etter søknad til NVE vurderast nytta dersom magasinifylling for Sør Noreg som heilskap er under 40 % pr. 1. mars»**

Grunnen til at det foreslått ei meir rigid ordning her enn for Stolsvatn er at E-CO vannkraft sjølv i sine simuleringar ikkje har kome under kote 1003, sjølv i eit turrår. E-CO har med andre ord ikkje lagt til grunn utnytting av dette botnmagasinet sjølv i eit turrår. Konsekvensen av å nytte magasinet i eit turrår er derfor heller ikkje vurdert, og ein bør være restriktiv i bruken av botnmagasin etter eit føre var prinsipp.

Vilkår for fylling i fyllingssesongen: **« I perioda 1. mai til 15. August skal tilsiget til Varaldset og Rødungen, samt det tilsiget til Stolsvatn som opprinneleg rann til Votna, nyttas til å fylle Rødungen. Det skal ikkje tappast, eller nytte tilsiget til produksjon i Hol1 Votna før ein har nådd kote 1020 i denne perioda. Unntak er dersom lokaltilsiget til Varaldset er større enn pumpekapasiteten opp til Rødungen, då kan ein nytte overskytande tilsig til produksjon. Eller ein må tappe til Vatsfjorden på grunn av oksygenmangel i Vatsfjorden»** Ved å få inn ein slik tekst vil ein også oppnå at Rødungen når normalt kote 1012 før 15. Juni. Unntak vil være i turrår når det vil fyrst skje ca 20 Juni. Med dette vilkåret vil ein ikkje kunne nytte Hol1 Votna som effektreserve i oppfyllingsperioda.

Sekundært vil kommunen krevje at ikkje meir enn 5 % av normaltilsig i denne perioda blir nytta til produksjon, reisten skal nyttast til fylling opp til kote 1020. ( Dersom ein vektlegg at Hol1 Votna skal kunne nyttast som reservekraft, effektsikring: **« I perioda 1. mai til 15. August skal ikkje meir enn 5 % av tilsiget til Varaldset og Rødungen, samt det tilsiget til**

***Stolsvatn som opprinneleg rann til Votna, nyttas til produksjon i Hol1 Votna. Reisten skal nyttast til å fylle Rødungen Det skal ikkje brukast meir enn 5 % av tilsiget til produksjon i Hol1 Votna før ein har nådd kote 1020 i denne perioda. Unntak er dersom lokaltilsiget til Varaldset er større enn pumpekapasiteten opp til Rødungen, då kan ein nytte overskytande tilsig til produksjon. Eller ein må tappe til Vatsfjorden på grunn av oksygenmangel i Vatsfjorden (volum kjem i tillegg til 5 % av tilsig).»***

**Slipp av minstevassføring i Votna frå Rødungen eller Varaldset ved kritisk situasjon i Vatsfjorden.**

***«Oksygensituasjonen i Vatsfjorden skal overvakast, ved kritisk situasjon skal tilstrekkeleg vatn sleppast frå Rødungen eller Varaldset for å sikre oksygenrikt vatn til Vatsfjorden. Kor mykje som må sleppast skal avgjerast etter samtale med NVE. Slipp til dette formål skal ikkje reknast med i dei 5 % av normaltilsig som kan nyttast til effektsikring av Hol1 Votna.»***

### **Effektrestriksjon**

Ein siste restriksjon som E-Co har lagt til grunn i sine vurderingar gjeld effekt. Dei har lagt til grunn at ein ikkje skal køyre meir vatn gjennom systemet enn at kombinasjonen av bufferevne i Hovsfjorden og slukeevna i Hol2 ( Djupedalen) og Hol3 (Kleivi) tillet av køyring. Dette er utgangspunktet for at det ikkje er funne store endra verknader med auka frostrøyk og forholda for livet i elva. Forlag til vilkår:

***«Effektkøyring i i Hol1 Stolsvatn, Hol1 Urunda og Hol1 Votna skal ikkje skje på ein måte som fører til forbitapping forbi Hol2 (Djupedalen) og Hol3 (Kleivi), unntaket er dersom det er vedlikehaldsarbeid i Hol2 (Djupedalen) eller Hol3 (Kleivi) slik at slukeevna der ikkje er tilgjengeleg, eller at det er flaumsituasjonar i elva som gjer at ein må tappe forbi av flaumforebyggande årsakar. Ved flaumsituasjonar skal dette loggførast slik at det kan etterprøvast.»***

Dersom E-CO ikkje skal påleggast magasinrestriksjonar i konsesjonen, må konsekvensane av hardare nedtapping enn etter dei interne tapperutinane bli utgreia. I konsesjonssøknaden er tatt utgangspunkt i E-CO sitt forslag til tapperutinar. Konsekvensane ved nedtapping av Stolsvatn under kote 1082 er i svært liten grad kommentert. Forvaltninga har eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før ein fattar vedtak, jf. Forvaltningslova § 17. Dersom det blir gitt konsesjon utan vilkår om magasin og effektrestriksjonar, vil det etter kommunens syn, slik saka er opplyst i dag, være ein mangel ved vedtaket som kan være avgjerande for gyldigheita til konsesjonen. Kommunen tar atterhald om at gyldigheita av konsesjonen kan bli prøvd dersom saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst før det blir fatta vedtak.

## 2.4 Konsekvensar for kommunal økonomi

### 2.4.1 Konsekvensane for kommunal økonomi er mangelfullt utgreidd

I konsesjonssøknaden punkt 15.1.4 er dei kommunaløkonomiske verknadene av tiltaket det er søkt om vurdert som «små/middels-positive». Under punkt 17.1 er konsekvensane for kommunal økonomi vurdert som «middels-positive». Konsesjonssøknaden omtalar berre dei samfunnsmessige konsekvensane for Hol kommune, sjølv om det framgår av utgreiinga at tiltaket også vil ha verknad på den kommunale økonomien i Ål kommune. Særleg er dette viktig fordi E-Co har inngått avtale med Hol kommune om bruk av OED pris på konsesjonskraft, medan dei ikkje er villig til å gjere det for Ål, sjølv om det er konsesjonskraft frå den same konsesjonen. Den økonomiske verknaden for dei to kommunane kan derfor blir svært forskjellig.

Ål kommune vil gjere merksam på at Tabell 15-1 «Anslag over inntekter til Hol kommune som følgje av utbyggingen» på side 93 i konsesjonssøknaden, syns å bygge på ein tidlegare versjon av KU samfunns- og næringsinteresser. Konsekvensutgreiinga er seinare endra, men konsesjonssøknaden er ikkje oppdatert i tråd med endringa. Oversikten over inntekter til Hol kommune gjer derfor ikkje eit korrekt bilete av situasjonen, då delar av inntektene vil være høyrande i Ål kommune, jf KU samfunns-og næringsinteresser s. 25.

Det går likevel fram i punkt 17.6 «Søkers kommentar til fagutredningene» at Hol og Ål kommune mottok konsesjonskraft frå Holskraftverka. Det blir vidare uttala at «Utbyggingen av Hol1 Stolsvatn vil etter E-Cos foreløpige estimat øke konsesjonskraftprisen for Ål kommune frå 14,42 øre/kWh ( 2012) til ca 22 øre/kWh». E-CO har ikkje vist nærare korleis prisen er rekna ut og kva som er grunnen til auken. Dersom E-CO sine utrekningar er rette, vil utbygginga av Hol1 Stolsvatn føre til eit inntektsbortfall for Ål kommune på ca 1,7 millionar kroner pr år. Eit slikt bortfall er ikkje i tråd med konsekvensutgreiinga, og lar seg ikkje eine med E-CO sine vurderingar av dei kommunaløkonomiske verknadane som «middels-positive».

Konsesjonssøknaden viser seg, etter vårt syn, på dette punkt å være mangelfullt utgreidd. Ål kommune er uenig i at konsesjonskraftprisen for krafta som blir teke ut etter individuell sjølvkost, vil auke som fylgje av tiltaket. Kommune vil vidare gje merknad om at det er krevd revisjon av konsesjonsvilkåra for Holsutbygginga. Ved revisjon av konsesjonsvilkåra skal det settast vilkår om konsesjonskraft i høve til dei reglar som gjeld på revisjonstidspunktet. Det medfører at konsesjonskraftprisen både for den konsesjonskrafta Ål Kommune tek ut i dag, og eventuell ny konsesjonskraft ved utbygging av Hol1 Stolsvatn, skal fastsettast til OED-pris.

Kommunen vil i det fylgjande gje meir omfattande grunnlag for vårt syn.

## 2.4.2 Nærare om utrekning av konsesjonskraftprisen

Det er i konsekvensutgreiinga s. 24 gjort greie for korleis verdien av konsesjonskraft blir rekna ut:

*«Konsesjonskraft hjemla i vassdragsreguleringsloven utskrives på bakgrunn av økningen i antall naturhestekrefter som skyldes reguleringen. Verdien beregnes ut frå denne økningen og differansen mellom marknadspris og konsesjonskraftprisen som for 2012 er 10,79≈ 11 øre/kWh»*

Reglane fylgjer av vassdragreguleringslova §12, nr 15:

*«Det skal i konsesjonen bestemmes at konsesjonæren skal avstå til kommuner og fylkeskommuner som kraftverket ligger i, inntil 10 pst. Av den for vannfall innvunne økning av vannkraften « (understreka her).*

E-Co har søkt om ny reguleringskonsesjon etter vassdragsreguleringslova. Tiltaket det er søkt om vil føre til at kraftgrunnlaget aukar med ca 16 000 naturhestekrefter samanlikna med eksisterande reguleringar og konsesjonar. Utbyggingskostnaden er i konsesjonssøknaden utrekna til 780 millionar kroner eksl. finansiering.

Prisen på konsesjonskraft etter nye konsesjonar skal settast *«basert på gjennomsnittlig selvkost for et representativt antall vannkraftverk i hele landet*», (OED-pris). Dette medfører at faktisk kostnad for utbygginga ikkje er avgjerande for utrekninga av konsesjonskraftprisen for den *«innvunne økning»* av vasskrafta tiltaket fører til.

Ein konsekvens av at konsesjonskraftprisen blir fastsett til OED-pris, er at dei faktiske utbyggingskostnadene ved utbygging av Hol1 Stolsvatn blir haldne utanfor ved utrekning av sjølvkost. Dersom dei faktiske kostnadene ved utbygging er høgare enn *«gjennomsnittlig selvkost for et representativt antall vannkraftverk i hele landet»*, får det ingen konsekvens for konsesjonskraftprisen. Det er ikkje grunnlag for å hevde at dei kostnadene som ikkje blir dekt av OED-prisen, kan krevast dekka gjennom auke av konsesjonskraftprisen for kraft som tas ut etter konsesjonar gitt før 1959. Ein slik praksis vil være i strid med formålet med konsesjonskraftordninga, og har ikkje støtte i forarbeida til lova eller rettspraksis.

Formålet med ordninga er å tilby rimeleg kraft til vertskommunane for utbygginga. Gjennom reglane for konsesjonskraft kan dei påverka kommunane ta del i verdiskapinga som skjer ved utnytting av dei naturressursar som ligg i kommunen. Dersom kostnaden ved utbygging av Hol1 Stolsvatn skal gå inn i utrekninga av prisen på konsesjonskraft Ål kommune tek ut i dag, vil det føre til at Ål kommune må dekke ein del av kostnaden ved utbygginga, utan å få ta del i verdiskapinga.

Formålet med konsesjonskraftordninga er av høgsterett tillagt avgjerande vekt ved tolkinga. Høgsterett sin dom inntatt i Rt.1978 s. 1430 (Sira-Kvina 1) gjaldt fasttsetting av pris på konsesjonskraft etter lovendringa i 1959. Høgsterett uttala at:

*«det lovgiveren med sterk støtte i lovens forarbeider har gjort til det prinsipale alternativ for fastsettelsen av prisen for konsesjonskraft, ville virke stikk i strid med lovens formål. I et sådant tilfelle, eg finner å kunne betegne som ekstremt, må domstolene etter min oppfatning kunne stille seg forholdsvis fritt ved fortolkningen av loven».*

Om formålet med vregl. §12 nr. 15 uttala fyrstevoterande:

*«Av forarbeidene til bestemmelsen, spesielt når man ser hen til den tidligere konsesjonslov av 1909 og forarbeidene til denne, går det utvetydig frem at det formålet med og forutsetningen at bestemmelsen var ment å være en fordel for utbyggingskommunene».*

Om den konkrete vurderinga i saka uttalte Høgsterett:

*« man kan også sette et spørsmålstejn ved rimeligheten av at de kommuner som avga sin vannkraft til Sira-Kvina, hvor de første utbyggingstrinn falt meget rimelige, skal få prisen på konsesjonskraft øket ikkje bare i takt med inflasjonen, men også frdi utbyggingen av nye kraftkilder må regnes for å falle stadig dyrere fordi man må se i øynene at de «billigste» kraftkilder er blitt bygget ut først. Dette gjelder spesilet for Sira-kvina, i hvert fall de 4 første byggetrinn. En «vanlig pris» fastsatt for 30 år ville kunne ha til følge at de kommuner som har erklært hjelpeintervensjon, ville måtte bidra til finansieringen av stadig dyrere utbygginger, i tilfelle også til varme- og kjernekraftverk. Man ville da ha fjernet seg meget langt frå lovgiverens føresetnad om at utbyggingskommunen når det gjelder blant andre Sira-Kvina, skulle være sikret «billig» konsesjonskraft. Dette ville være et resultat av lagmannsrettens dom som eg har vanskelig for å akseptere.»*

Tilsvarande synspunkt gjer seg gjeldande ved utbygginga av Hol1 Stolsvatn. For utbygger er investeringane lønsame, investeringane gjer det mogleg i større grad å tilpasse produksjonen til varierende kraftprisar og få betalt for å stå i reserve. Ål kommune vil på si side ikkje få ta del i dei verdiane som blir skapt ved utbygginga. Dersom kostnadane ved utbygging av Hol 1 Stolsvatn skal inngå i utrekninga av konsesjonskraftprisen, vil tiltaket som nemnt føre til eit stort inntektsbortfall for Ål kommune. I realiteten vil Ål Kommune måtte delvis finansiere ei utbygging som fyrst og fremst kjem konsesjonær til gode. Det var akkurat ein slik situasjon Høgsterett ikkje kunne akseptere i Sira-Kvina 1 dommen.

#### **2.4.3 Konsekvensane for konsesjonskraftprisen må avklarast under konsejonshandsaminga.**

E-Co er i konsekvensprogrammet fastsett av NVE den 14. juni 2012 pålagt å greie ut kva konsekvensar tiltaket har på kommunal økonomi. Konsekvensane er omtala i fagrapport nærings- og samfunnsinteresser. E-Co har som nevnt over, i ein kommentar til fagrapporten, utan nærare grunngjeving, lagt til grunn at prisen på konsesjonskraft som Ål kommune tek ut i dag, vil auke med ca 8 øre/kWh. Etter kommunen sitt syn er dette ikkje riktig, men

uttala bidreg til å skape usikkerheit om korleis E-CO vil praktisere regelverket, og kva konsekvensar det får for kommunen.

For Ål kommune er det viktig at dei økonomiske konsekvensane av tiltaket er klart kjente før konsesjon blir gitt. Det er derfor svært viktig at NVE tek stilling til spørsmålet under konsesjonshandsaminga. Ei avgjersle under konsesjonshandsaminga vil også være viktig for å unngå ein seinare tvist mellom kommunen og E-CO.

Usikkerheita knytta til høvet mellom ulike regelsett for konsesjonar gitt før og etter 1959 i same vassdrag understrekar behovet for ein heilheitleg gjennomgang av konsesjonsvilkåra i vassdraget. Ål kommune har i merknadene til E-CO sitt utgreiingsprogram vist til at konsesjonshandsaminga må sjåast i samanheng med krav om revisjon av konsesjonsvilkåra for Holsutbygginga:

*«Kravet frå kommunen frå 1998 om revisjon av reguleringsvilkår i Holsutbygginga må takast opp i samband med ei eventuell vidare utbygging. Ei ny utbygging vil klart påverke bruken av magasina og elvane, og ei utbygging kan ikkje sjåast uavhengig av dei reglane som skal gjelde for magasina og elvane. Det er no 14 år sidan kravet om revisjon av konsesjonsvilkår vart levert. Me krev no at NVE set i gang revisjonsprosessen og at konsesjonæren, d.v.s. E-CO Energi AS, blir pålagt å utarbeid eit revisjonsdokument som må sendast på høyring».*

Kommunen held fast at konsesjonen for utbygging av Hol1 Stolsvatn må sjåast i samanheng med krav om revisjon. Ved revisjon av konsesjonsvilkåra skal det fastsettast vilkår om konsesjonskraft slik reglane er på revisjonstidspunktet, jf. St.prp. nr 69 (1997-98). Det fører til at konsesjonskraftprisen både for den konsesjonskrafta Ål kommune tar ut i dag og eventuell ny konsesjonskraft ved utbygging av Hol1 Stolsvatn, skal fastsettast til OED-pris.

I alle høve har forvaltninga ei vid fullmakt til å fastsette korleis konsesjonskraftprisen skal reknast ut i det enkelte tilfelle. I Rt. 1993 s.1220 ( Sira Kvina II), uttala Høgsterett seg slik til at det måtte være opp til departementet sitt skjønn korleis prisen skulle fastleggast:

*«På same måte som byretten og lagmannsretten i nærværende sak, jf også Kvam-dommen, Rt 1984-312, ser jeg det slik at fastsettelesen av konsesjonskraftprisen i temmeleig vid utstrekning er skjønnsbestemt. Det gjelder både for hvilke deler av en utbygging som kan trekkes inn i selvkostberegningen, og i noen grad også for hvilke typer omkostninger som kan tas med. De nødvendige valg innenfor den lovgitte ramme tilligger det forvaltningen å foreta.»*

Konsesjonskraft er ein rettighet til vertskommunane for kraftutbyggingar som fylgjer direkte av loven. Heilt sidan dei fyrste kraftutbyggingane på starten av 1900 talet, har det vore brei einigheit på Stortinget om at dei kommunar som avstår dei verdifulle ressursane skal få del i den verdiskaping som skjer i kommunen. Manglande avklaring av spørsmålet om kva konsekvensar tiltaket har for kommunal økonomi, vil etter kommunen sitt syn utgjere ein sakshandsamingsfeil, som kan gjere at konsesjonen ikkje blir gyldig.

#### **2.4.4 Krav om oppdaterte satsar for konsesjonsavgifter, miljøfond og fiskefond.**

Som vist under punkt 2.4.2 meiner me vilkåra i konsesjonen må oppdatertast til dagens standard når det gjeld økonomiske vilkår på grunn av at dette er å rekne som ein revisjon av konsesjonsvilkåra. Me viser til vårt krav om revisjon av konsesjonsvilkår frå 1998, s. 22 om krav om auka konsesjonsavgifter, næringsfond og fiskefond. Me tar det som sjølvstykkt at desse krava også blir handsama som ein del av denne konsesjonsprosessen. Kravet har vorte endå meir aktualisert fordi søknaden om Hol1 Stolsvatn vil føre til endå større utnytting av naturen enn opprinneleg kraftverk i Hol1. Mangelfull oppfølging av dette punktet kan medføre spørsmål om gyldigheita av ein eventuell konsesjon.

### **2.5 Konklusjon Hol1-Stolsvatn**

Ål kommune kan etter ei heilskapsvurdering ikkje gå inn for prosjektet Hol1 Stolsvatn.

Dei lokale miljøkonsesjonskvansane er store med truleg dårlegare produksjonsevne av fisk i Stolsvatn, lengre periodar med synlege strender på magasina Stolsvatn og Rødungen. I tillegg er det uvisse rundt verknaden på Strandafjorden av eventuelt varmare vintervatn. Verknaden for Votna og Vatsfjorden blir også negativ.

Dersom E-Co si framstilling av verknadene på den kommunale økonomien stemmer, noko me ikkje er enig i, vil Ål kommune måtte være med og finansiere store delar av utbygginga gjennom ein auka konsesjonskraftpris utan at kommunen får ta del i verdiskapinga. Det er heller ikkje lagt til grunn oppdaterte kompensasjonar elles. Dette gir ein situasjon me ikkje kan akseptere.

Kommunen krev at det blir utforma konkrete krav til manøvreringa av magasina og bruken av effekten i Hol1. Dessutan at det blir overvaking av Vatsfjorden med omsyn til oksygeninnhald og slipp av vatn ved kritisk situasjon.

## **3. Søknad om konsesjon for Mjåvatn kraftverk**

### **3.1 Kort om søknaden**

Mjåvatn kraftverk vil utnytte eit fall på ca. 70 meter mellom dei regulerte vatna Stolsvatn/Mjåvatn og Rødungen. Kraftverket vil ligge i fjell. Utbygginga vil ikkje føre til nye reguleringar. Prosjektet er eit samarbeid mellom dei lokale grunneigerane og Småkraft AS. Det vil gje ein midlare årsproduksjon på 46,6 GWh.

### 3.2 Miljømessige konsekvensar

Området er i dag i omfattande grad prega av vasskraftutbygging. Hol1 Votna har inntak i Varaldsetvatn nedstraums Rødungen, og det tappast i dag frå Stolsmagasinet og Rødungen til Varaldsetvatn. Om lag 90 % av tilsiget til Stolsvassmagasinet rann opprinneleg til Urunda, men blir no tappa gjennom Rødungen og Varaldset. Dette gjer at vassføringa i elva mellom Mjåvatn og Rødungen er til tider svært stor, men i dei tider der det ikkje blir tappa er den heilt borte. Utbygginga av Mjåvatn kraftverk vil føre at mindre vatn vil bli tappa gjennom elva. I konsesjonssøknaden er det foreslått å sette vilkår om minstevassføring i konsesjonsvilkåra. Denne vil bli størst i sommarhalvåret. Med den foreslåtte minstevassføringa vil elvestrekningen få ein tilstand som er meir lik dei opprinnelege vassføringstilhøva før utbygging av Mjåvassdammen.

Det er i konsekvensutgreiinga lagt til grunn at bruken av Stolsvassmagasinet og Rødungen skal bli som før. Me finn denne føresetnaden å være noko merkeleg i og med at det er mindre slukeevne i kraftverket enn det er i dagens luke ved Mjåvatn. Etter vår meining vil truleg reguleringsforeininga justere dagens tappepraksis slik at tappinga frå Stolsvatn går over noko lengre tid for å unngå flomtap forbi det nye Mjåvatn kraftverk. Ei slik endring vil få som konsekvens at fyllinga av Rødungen vil ta lengre tid. Ein vil nå haustvassstand på eit seinare tidspunkt enn det ein gjer i dag. Dei forventade verknadane av ei slik endring er imidlertid vurdert til å være små. Verknaden må konsekvensutgreiast.

Utløpet av Mjåvatn kraftverk vil ligge høgare enn LRV i Rødungen. På våren, i alle fall dei fyrste åra, vil ein få ein spyleeffekt ut i Rødungen med fare for blakking. Denne verknaden er ikkje omtala i rapporten. Truleg verknad av dette er vurdert som liten.

Det framgår av konsekvensutgreiinga at redusert vassføring kan få konsekvensar for naturmiljø og biologisk mangfold, men konsekvensane er vurdert som ubetydelege eller lite negative.

### 3.3 Økonomiske konsekvensar av utbygginga

Det er med undring me ikkje finn at det er omtala at utbygginga vil utløyse ny konsesjonskraft for kommunane. Utbygginga er søkt etter vassressurslova, men vatnet kjem frå eit regulert vatn der prosjektet vil føre til utnytting av eit auka fall i reguleringa. Me syns det er rart om ikkje det skulle utløyse ny konsesjonskraft til kommunane, på same måte som for Hol1 Stolsvatn prosjektet. Til dømes har Ål konsesjonskraft frå elvekraft i nedre delar av drammensvassdraget som har nytte av vassdragsreguleringar i Ål. Det same må etter vår meining gjelde for eit nytt Mjåvatn kraftverk som har nytte av reguleringa i Stolsvatnet.



### **3.4 Konklusjon**

Ål kommune meiner søkaren i det valte alternativet har fått til ei rimeleg avveging av omsyna til naturmiljø, samfunnsmessige interesser og samstundes klart å framskaffe ny fornybar og miljøvennleg energi. Tiltaket medfører mykje mindre naturinngrep enn ei bygging av Hol1 Stolsvatn, og vil ikkje ha negativ innverknad på kommunale inntekter frå utbygginga. Ål kommune stiller seg på denne bakgrunn positiv til ei utbygging av Mjåvatn kraftverk.


Med helsing

Geir Tretterud  
dagleg leiar Ål kraftverk

### 3.4 Konklusjon

Ål kommune meiner søkaren i det valte alternativet har fått til ei rimeleg avveging av omsyna til naturmiljø, samfunnsmessige interesser og samstundes klart å framskaffe ny fornybar og miljøvennleg energi. Tiltaket medfører mykje mindre naturinngrep enn ei bygging av Hol1 Stolsvatn, og vil ikkje ha negativ innverknad på kommunale inntekter frå utbygginga. Ål kommune stiller seg på denne bakgrunn positiv til ei utbygging av Mjåvatn kraftverk.

Med helsing



Geir Tretterud  
dagleg leiar Ål kraftverk